



SAKSPAPIR TIL

ÅRSMØTE 2022

Stad: Scandic city Stavanger

Tidspunkt: 26. mars 2022

Velkommen til årsmøte!

I samarbeid med Rogaland mållag har vi i år lagt møtet til Scandic Stavange city. Seminar vil bli arrangert i framkant av møtet.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtektene våre seier:

§ Årsmøte

1. Innkalling

Styret i fylkeslaget kallar inn til ordinært årsmøte. Årsmøtet skal baldast kvart år innan 31. mars. Innkalling og førebels sakliste sendast skriftleg til lokallaga minst 2 månader på føreband.

Omframnt årsmøte skal baldast når årsmøtet, styret eller 1/3 av lokallaga krev det.

Fristen for utsending av endeleg sakliste og sakspapir er 4 veker før årsmøtet.

(...)

Innkalling og sakliste blei sendt til lokallaga 10. februar 2022. Sakspapira i sin heilskap blei publisert 28. februar 2022

Forslag til sakliste:

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 Namneopprop
- Sak 3 Val av ordstyrar
- Sak 4 Godkjenning av forretningsorden
- Sak 5 Val av referent, to til å skrive under møteprotokoll
- Sak 6 Val av to til å skrive under møteprotokoll
- Sak 7 Årsmelding 2021
- Sak 8 Rekneskap 2021
- Debatt: Innspel til NU sitt langtidsprogram og lovendringsforslag
- Sak 9 Arbeidsprogram for 2022
- Sak 10 Revidert budsjett for 2022
- Sak 11 Budsjett 2023
- Sak 12 Årspengar for 2023
- Sak 13 Innkomne framlegg
- Sak 14 Val av:
 - Styret
 - Revisorar
 - Utsendingar til landsmøtet i NU

Valnemnd

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 2 Namneopprop

Vedtektene våre seier:

3. Utsendingar

Lokallag som har sendt årsmelding for føregåande år, og betalt årspengar for føregåande år for minst 5 medlemmer over 14 år, har rett til utsendingar.

Lokallag med inntil 50 medlemmer har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending i tillegg for kvar nye påbyrja 50 medlemmer. Eit lag kan ikkje ha meir enn 10 utsendingar.

Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøtet i laget eller eit medlemsmøte.

| Organisasjon | Lever årsrapport for 2020 | Totalt tal medlemmar (betalt) | Tal utsendingar |
|---------------------------------|---------------------------------|-------------------------------------|--------------------|
| Bondeungdomslaget i Stavanger | ja | 122 | 2+2 |
| Haugesund Mållag og Ungdomslag | ja | 78 | 2+1 |
| Klepp leikarring | ja | 18 | 2 |
| Krosshaug Ul | nei | 0 | 0 |
| Kvinnesland Frilynde Ungdomslag | ja | 0 | 2 |
| Midtbygdens Ungdomslag | ja | 2 | 0 |
| Ul Skjoldafjord | ja | 9 | 2 |
| Nærbø Folkedanslag | ja | 10 | 2 |
| Sandeid Ungdomslag | ja | 109 | 2+2 |
| Rossabø Folkedanslag | ja | 33 | 2 |
| Suldal Ungdomslag | ja | 0 | 2 |
| Vikedal Ungdomslag | ja | 47 | 2 |
| UL Heim | nei, nedlagt i NU | 0 | 0 |
| Ølen Ungdomslag | nei, nedlagt i NU | 0 | 0 |

***Forslag til vedtak:** Det var ?? utsendingar med røysterett, ?? observatørar og ?? gjester til stades på møtet. Totalt var ??? av 12 lokallag var representert.*

Sak 3 Val av ordstyrar

Forslag til vedtak: Magne Hope, BUL Stavanger

Sak 4 Forretningsorden

Forslag til forretningsorden:

Ordstyrarar: Til å leie møtet vert det vald 1 ordstyrar.

Vedtaksprotokoll: Årsmøtet vel ein referent til å føre protokoll frå årsmøtet. I protokollen skal det berre førast namnet på dei som deltek i debatten, framlegg, namna på dei som kjem med framlegg, røysteresultat og endeleg vedtak. Årsmøtet skal velje to til å skrive under møteprotokollen.

Innlegg: Utsendingar som ynskjer ordet må gje teikn om dette ved å vise tildelt nummerskilt (røysteteikn). Årsmøtet vedtek ev. avgrensingar i taletid på enkelte saker.

Replikkar: Til kvart innlegg kan det bli gitt maksimalt 2 replikkar og 1 svarreplikk.

Til saksføreavinga: Dersom utsendingane har merknader til saksgangen i møtet, kan ein ta ordet til saksføreavinga.

Framlegg: Framlegg skal leverast skriftleg til ordstyrarane, underteikna med vedkomande sitt namn, og namnet på laget vedkomande er utsending frå. Etter at det er sett strek i ei sak, er det ikkje lenger høve til å kome med nye framlegg eller trekkje attende framlegg som tidlegare er sett fram.

Røystemåtar: Når saker skal avgjerast gjeld vanleg fleirtal, med unntak av lovendingar der det skal vere 2/3 fleirtal. Når det blir sett fram krav om røystemåten, avgjer årsmøtet dette ved røysteteikn. Eit val skal vere skriftleg når nokon krev det, og alltid når det er gjort framlegg om fleire enn det som skal veljast.

Val: Dersom det er røysta på fleire enn to ved val av leiar, skal det vere omval når ingen har fått meir enn halvparten av røystene, til dess det er berre to å velje mellom. Får desse to likt røystetal, blir valet avgjort med loddtrekning. Dersom det blir røysta berre på to leiarkandidatar og begge får like mange røyster skal det vere omval. Er røystetalet likt andre gongen, blir valet avgjort med loddtrekning. Ved dei andre vala er dei valde som får flest røyster.

Oppteljing av røyster: Blanke røystesetlar eller røystesetlar som tyder på at ein ikkje vil ta stode til val eller sak, skal teljast opp og vere med i utrekningsgrunnlaget for saker som krev kvalifisert eller absolutt fleirtal. Blanke røystesetlar eller tilsvarande røystesetlar tel ikkje i saker som krev vanleg fleirtal.

Sak 5 Val av referent

Forslag til vedtak: blir lagt fram under møtet

Sak 6 Val av to til å skrive under møteprotokoll

Forslag til vedtak: blir lagt fram under møtet

Sak 7 Årsmelding 2021

2021 har vorte nok eit annleis år på grunn av korona-pandemien som herjar verda. Styret og arbeidet i Rogaland Ungdomslag har blitt påverka som alle andre.

Styret:

Leiar: Synnøve Jørgensen, BUL Stavanger, ny 1 år

Styremedlem og nestleiar: Ann Cathrine Høyland, BUL Stavanger

Styremedlem og kasserar: Solgunn Liestøl, Midtbygdens Ungdomslag

1. vara: Håvard Ims, BUL Stavanger
2. vara: Bjarte Holmedal, BUL Stavanger

Styret har hatt åtte styremøter og handsama 49 saker i løpet av året.

Bunadnemnd:

Daghild Håvardsholm, BUL Stavanger

Ragnhild U. Ødegaard, BUL Stavanger

Eli Olsen, BUL Stavanger

Målfrid Grimstvedt, BUL Stavanger

Nemnda har hatt fem nemndsmøter, samt fleire arbeidsmøter.

Ansvarleg for langleik-undervisning:

Lise K. Meling, BUL Stavanger

Vår kontaktperson i SAFFRO: Lene Midteide Lønning

Medlemmar (31.12.2021):

| ID | Namn | Betalte medl. 2020 | Betalte medl. 2021 |
|-------|---------------------------------|--------------------|--------------------|
| 18001 | Bondeungdomslaget i Stavanger | 136 | 122 |
| 18006 | Haugesund Mållag og Ungdomslag | 80 | 78 |
| 18020 | Klepp leikarring | 18 | 18 |
| 18061 | Krosshaug UL* | 14 | - |
| 18007 | Kvinnerland Frilynde Ungdomslag | 0 | 0 |
| 18003 | Midtbygdens Ungdomslag | 29 | 32 |
| 18016 | Nærbø Folkedanslag | 10 | 10 |
| 18013 | Rossabø Folkedanslag | 38 | 33 |
| 18011 | Sandeid Ungdomslag | 113 | 109 |
| 18062 | Suldal Ungdomslag | 0 | 0 |
| 18024 | Ul Heim* | 0 | 0 |
| 18008 | Ul Skjoldafjord | 76 | 9 |
| 18004 | Vikedal Ungdomslag | 31 | 47 |
| 18060 | Ølen Ungdomslag* | 0 | - |
| | SUM | 527 | 428 |

**Krosshaug og Heim UL har ikkje levert årsrapport for 2020. På grunn av manglande årsrapportering og kontakt over fleire år, er Ølen UL og Heim UL i 2021 nedlagt i NU sitt medlemsregister.*

Jubileumslag:

| | | |
|---------------------------------|--------------|--------|
| Kvinnerland frilynde Ungdomslag | skipa i 1921 | 100 år |
| Midtbygdens Ungdomslag | skipa i 1896 | 125 år |
| Haugesund Mållag og Ungdomslag | skipa i 1906 | 115 år |

Representasjon:

| | | |
|---|------------------|---|
| Nettmøte om koronastøtte | 11.januar | Solgunn Liestøl |
| Landmøte i Noregs ungdomslag | 24. april | Synnøve Jørgensen, Solgunn Liestøl, Ann Cathrine (BUL Stv) og Håvard Ims (valnemnda i NU) |
| Foredrag om bunadsnemnda sitt arbeid, Stavanger Museum | 3.juni | Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård |
| Møte med leiar i Rogaland Mållag | 3.juni | Synnøve Jørgensen |
| Seminar i Norsk folkedraktforum, Sandefjord | 20.-22. august | Daghild Håvardsholm og Målfrid Grimstvedt |
| Årsmøteseminar Rogaland Mållag | 4. september | Synnøve Jørgensen |
| Fuglensamling for barn og ungdom, Siddis-stova | 12.september | Ann Cathrine Høyland |
| Informasjonsmøte om nominasjon av bunadsbruk på UNESCO si verdsarvliste, Siddis-stova | 30. september | Målfrid Grimstvedt |
| Møte om Vår dag Garborgsentret | 4.oktober | Målfrid Grimstvedt og Synnøve Jørgensen |
| Landsrådsmøte i NU | 15.-17. oktober | Ann Cathrine (RU) og Synnøve (langtidsprogramutvalet) |
| 100-årsjubileum i Kvinnesland fril. UL | 23. oktober | Solgunn Liestøl |
| Jubileumshelg i Siddis-stova | 23. oktober | Ann Cathrine Høyland, Solgunn Liestøl |
| Fagdagar i bunad og folkedrakt, Fagernes | 25.-26. oktober | Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård |
| To evalueringsmøter, bunadnettverket i Rogaland | | Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård |
| Utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger | 19.-20. november | Daghild Håvardsholm, Eli Olsen, Målfrid Grimstvedt og Ragnhild Ødegård |

Mål: Stimulere til meir aktivitet i lokallaga

Planlagte tiltak:

| |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"> Organisere og formidle kulturelle program gjennom turnéverksemd/kulturformidling. |
| <ul style="list-style-type: none"> Invitere til lokallagssamling |
| <ul style="list-style-type: none"> Vidareformidla informasjon om lokale og regionale arrangement gjennom nettside, nyheitsbrev og sosiale medier. |
| <ul style="list-style-type: none"> Oppmode til å søke om frifondstønad. |
| <ul style="list-style-type: none"> Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga “Aktivitetsstønad frå RU” Planlegge tiltak for å feire Frivillighetens år 2022. |
| <ul style="list-style-type: none"> Oppmode om å delta på NU sitt 125 årsjubileum. |

Gjennomføring:

2021 var nok eit annleis år på grunn av koronapandemien. Vi har berre ein frivillig utanom styret som er engasjert i kulturformidlinga og med så stor usikkerheit kring gjennomføring, er dette arbeidet lagt på is. Lokallagssamling har vi heller ikkje sett syn på å gjennomføre. I staden starta vi tiltaket “kaffidrøs” der styret i staden besøker lokallag. Aktivitetsstønad er delt ut til alle laga vi har besøkt eller som har sendt søknad. Tiltaket og utdeling vil halde fram i 2022.

| | | |
|------------------------|---------|---|
| BUL Stavanger | kr 3000 | Aktivitetsstønad kaffidrøs |
| Klepp leikarring | kr 3000 | Aktivitetsstønad kaffidrøs |
| Kvinnesland frilynd UL | kr 5000 | Jubileumsgåve og aktivitetsstønad kaffidrøs |
| Sandeid UL | kr 5000 | Aktivitetsstønad etter søknad |

Heimesida rogaland.ungdomslag.no og facebook er oppdatert gjennom året, og det er laga eit årshjul for lokallagsarbeidet der mellom anna søknadsfristen for frifond er lagt inn. Vi har til dømes oppmoda til å aktivitet i høve NU sitt 125 årsjubileum, Frivillighetens år og VÅR DAG.

Mål: Auke medlemstalet med minst 20 medlemmar

Planlagte tiltak:

| |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"> Formidle tips og verktøy for rekruttering til lokallaga |
| <ul style="list-style-type: none"> Synleggjere medlemsfordelane (eks stønad til sommarleiren) |
| <ul style="list-style-type: none"> Oppmode til bruk av frivillig.no og ungfritid.no. |

Gjennomføring:

Under ein pandemi er det ikkje naturleg å promotere rekruttering. Frivillig.no er brukt for å søke etter frivillige til kulturformidlinga og vi har lenke til verktøyet på heimesida vår. NU har starta eit arbeid i forhold til å synleggjere medlemsfordelane meir, men ikkje kome i mål. Dette har påverka arbeidet vårt også.

Mål: Rekruttere minst eitt nytt lokallag

Planlagte tiltak:

- | |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Styret tar kontakt med aktuelle lag |
|---|

Gjennomføring:

På grunn av pandemien blei dette er ikkje prioritert.

Mål: Tilby opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid.

Planlagte tiltak:

| |
|---|
| • Arrangere faste langeleik-øvingar for 5-10 deltakarar i Siddis-stova. |
| • Nytte våre egne 6 langeleikar (Lise K. Meling). |
| • Støtte ungdom som vil delta på Sommarleir i NU økonomisk. |
| • Arrangere miniseminar. |
| • Arrangere Sommarteaterskule i samarbeid med Sandeid UL. |
| • Støtte opp om "Fuglen"- arrangement. |
| • Arrangere teaterkurs. |
| • Arrangere kurs i å sy eigen bunad vår og haust (bunadnemnda). |

Gjennomføring:

Under pandemien har det vore vanskeleg for Lise K. Meling å drive organisert undervisning i langeleik. Vi har derfor lånt ut 3 av dei 6 langeleikane til tre av elevane. Undervisinga held fram.

Dansekveldane Fuglen og Sommarleiren i NU blei avlyst. RU støtta Fuglen-prosjektet slikl at ungdomane kunne delta på Bygda dansar-jubileum. På grunn av korona-pandemien, blei dette arrangementet utsatt til mai 2022. Dersom arrangementet ikkje blir gjennomført i 2022, betaler Ryfylkemuseet støtta attende.

I oktober planla styret å arrangere ei helgesamling med teaterkurs, huskurs og lokallagssamling. På grunn av for travel haust hos styret, klarte vi ikkje å gjennomføre denne samlinga.

Bunadnemnda har heldigvis klart å gjennomføre mykje av den planlagte aktiviteten sin. På bunadskafeen til Museum Stavanger kan folk få hjelp og rettleiing. Nemnda har deltatt som rettleiarar på tre kafearrangement denne hausten. I tillegg er det gjennomført nesten to heile rundar med kurs i manns- og kvinnebunad på våren og hausten. Kurset på våren hadde sju deltakarar, seks kvinner og ein mann. Kurset på hausten hadde seks deltakarar, fire kvinner og to menn.



Sam og Aage er konsentrerte om å sy seg egne bunadar. Daghild er læreren deira. Foto: Bunadnemnda i RU.

Mål: Eit synlegare ungdomslag

Planlagte tiltak:

| |
|---|
| <ul style="list-style-type: none">● Halde nettside og facebookside oppdatert. |
| <ul style="list-style-type: none">● Blest kring Sommarteaterskulen. |
| <ul style="list-style-type: none">● Gratulere jubileumslag via Facebook. |

Gjennomføring:

Nettside og facebookside har blitt oppdatert med jamne mellomrom. Rogaland.ungdomslag.no har i løpet av året også fått meir innhald, særleg om bunadsarbeidet vårt. Vi håper lokallaga og andre finn sida nyttig.

Informasjon og blest om Sommarteaterskulen er vidareformidla i RU sine informasjonskanalar. I tillegg blei det sendt inn og vist ein filmsnutt frå Sommarteaterskulen på det digitale landsmøtet i NU.


Kvinnerland Frilynde Ungdomslag er gratulert via Facebook. På grunn av rutinesvikt, har vi diverre ikkje gratulert laga som har hatt “mindre” jubileum; Midtbygdens UL (125 år) og Haugesund Mållag og UL (115 år).

Bunadnemnda har revidert det populære sokkemønsteret til mannsbunaden i samarbeid med Sissel Moe Lund og Nordaker bunader. Desse er trykt opp i A4-storleik.

Målfrid Grimstvedt i bunadnemnda har revidert brosjyrene til både kvinne- og mannsbunadene, og har laga ein felles brosjyre som skal lesast framlengs for den eine, og baklengs for den andre. Nordaker bunader har fått trykt den opp.



Knut N. Høndeland Odland 1767-1894



Mannsbunad frå Rogaland
Foto: Anne Løe Kjølvik

MANNSBUNAD FRÅ ROGALAND

Bunadnemnda i Rogaland Ungdomslag med råd og rettleiing av Norsk institutt for bunad- og folkedrakt
Bunad som bygger på draktplagg frå indre Ryfylke på 1800-talet. På den tid var Suldal, Sauda og Røldal i same prestegjeldet.


Bunaden har stilpreg frå empiren, det vil sei tidleg på 1800-talet. Truleg har ein drakt som denne vore i bruk like til slutten av 1800-talet blant enkelte menn i dei indre bygdene. Knut var ein av desse. Han var frå Sauda, der han drev garden Høndeland, før han gifta seg til Røldal og budde på Odland.

2021



Siri Peersdatter på Strand prestegjeld i 1849

Bildet av Astor Tuxen i: Nærværelset B-433



Møttbunad sydd til

Norsk institutt for Bunad og Folkedrakt i 2019
Foto: Malin Østervik, Bunadnemnda i Rogaland Ungdomslag

KVINNEBUNAD FRÅ RYFYLKE

Bunadnemnda i Rogaland Ungdomslag med råd og rettleiing av Norsk institutt for bunad- og folkedrakt

Bunad som kopi av høgtidsdrakta til kvinnene i Ryfylke frå tida før og etter 1800.

Denne høgtidsdrakta er prega av rokokko-moten frå Europa på 1700-talet. Det var ei tid med fargeglede. Folk kledde seg i ei blanding av fine stoff produserte i utlandet og heimelaga tekstilar, alt etter kva dei hadde råd til og kunne skaffa seg. Me ønskjer at bunaden skal vidareferre det preget.

Rogaland Ungdomslag, bunadnemnda@rogaland.no, 2020

Bunadnemnda har bidratt til prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk, 2019-2021». Dette er ei utstilling som skal opnast på Stiklestad 23. mars 2022, og vandra vidare i eit par år. 20-22. august deltok Daghild og Målfrid på seminar i Norsk Folkedraktforum i Sandefjord. Dei hadde med tri kvinnehovud og eit mannhovud til prøvutstillinga der, og fekk eit tilskot på kr. 1500,- for det. Det står att ein del arbeid.

Mellom anna må det lagast nye hovud, så alle vert nokolunde like.

Stavanger museum har bedt bunadnemnda om hjelp til å finna fram til plagg som skal nyttast i bunadutstillinga på museet til våren. I samband med dette har nemnda vore på museet to gongar. I tillegg har nemnda heldt foredraget frå Fagdagen i Oslo hausten 2020.

Mål: Eit smartare ungdomslag

Planlagte tiltak:

| |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • I samarbeid med NU-kontoret oppdatere kontaktinformasjon på alle medlemmane. |
| <ul style="list-style-type: none"> • I samarbeid med NU-kontoret følgje opp at alle lokallag leverer årsrapport i medlemsregistret. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Publisere årshjul for lokallaga på nettsida og formidle viktige datoar gjennom nyheitsbrev. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Organisere meir av aktiviteten i fylkeslaget som prosjekt. |
| <ul style="list-style-type: none"> • Halde oss orienterte via nettmøter (mellom anna i regi av NU). |

Gjennomføring:

Medlemsregistret, Hypersys, manglar kontaktinformasjon til svært mange medlemmar. Dette betyr at mykje av informasjonen som blir sendt ut, ikkje når fram. Vi ser også at mange lokallag ikkje oppdaterer medlemslista si. Styret har diverre ikkje brukt nok tid på å følgje opp lokallaga. I korona-året 2021 har vi mista 100 medlemmar!

Styret og NU-kontoret sin innsats med tanke på oppfølging av årsrapportar, har ført til at berre to av laga våre manglar dette i 2021.

Målfrid Grimstvedt har halde fram arbeidet med å digitalisera arkivmaterialet som bunadnemnda har.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt meinte at det burde bli laga ein strimmel, t.d. i tyll med mønster frå eit av pannelina. Denne skulle brukast under lua. Bunadnemnda har laga nokre få til eige bruk, og ein av dei er sendt til Fagernes for å setjast på lua i utstillinga der. Det står att ein del arbeid med å laga til saumbeskrivelse. Arbeidet held fram.

Bunadnemnda har og kjøpt inn eit tamburert sjal, kopi av sjalet til Ropeid-drakta. Kopien er laga av Elsa Jonsrud, som laga eit tilsvarande til modellbunaden frå Ryfylke for Norsk Institutt for bunad og folkedrakt. Sjalet er del av modellsamlinga til bunadnemnda.

Bunadnemnda har fått kontakt med ei som kan tenka seg å handveva stripestoffa som blir brukt i kvinnebunaden i mindre mengder enn det fabrikkane kan tilby. Det er i tillegg eit firma som digitaliserer og trykker forklestoff av ein type nemnda vil kunne bruka. Nemnda arbeider vidare med dette.

Mål: Nettverksbygging og samarbeid med andre

Planlagte tiltak:

| |
|---|
| • Vidareføre samarbeidet med Folkemusikkarkivet i Rogaland, Ryfylkemuseet om notebokprosjekt. |
| • Vidareføre samarbeidsavtalen med Vest Agder, Aust Agder og Telemark ungdomslag (Storkurs). |
| • Invitere NU sentralt til eit arrangement i fylket. |
| • Samarbeidsavtale med Sandeid Ungdomslag. (Sommarteaterskule) |
| • Delta på Landsmøte og landsrådsmøte i NU. |
| • Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO. |
| • Delta på bunadskafeen på MUST Stavanger museum. (bunadnemnda) |
| • Delta på prosjektet «Hår og hovudplagg i folkedrakt og bunadbruk» i regi av Norsk Folkedraktsforum. (bunadnemnda) |

Gjennomføring:

Samarbeidet med Ryfylkemuseet har, på grunn av pandemien, vore avgrensa, men likevel godt.

Storkurs skulle vore arrangert av Vest-Agder UL, men blei igjen avlyst på grunn av pandemien. Samarbeidet om Storkurs i Sør-vest held fram. For å enklare dele dokument og halde tett kontakt, har fylkesstyra oppretta eit felles team på Teams.

SAFFRO sitt årlege helgekurs er ikkje gjennomført i perioden. Vi har hatt noko kontakt.

Samarbeidsavtalen om Sommarteaterskulen til Sandeid UL er aktiv.

Styret har deltatt på både landsrådsmøte og landsmøte.

Bunadnemnda har halde kontakten med Museum Stavanger (MUST) og Norsk folkedraktsforum. Nemnda har deltatt på Fagdagan i bunad og folkedrakt (eit samarbeid mellom Norges Husflidslag, Noreg Ungdomslag, Norsk folkedraktsforum, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Det er oppretta kontakt og samarbeid med Rogaland Mållag. Første felles prosjekt er årsmøte og seminar 2022.

Sak 8 Rekneskap 2021

Sjå eige dokument

Revisormelding

Blir lagt fram på møtet.

***Forslag til vedtak:** Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2021.*

Sak 9 Arbeidsprogram for 2022

Forslag til vedtak:

Arbeidsprogram 2022

| Mål | Tiltak |
|--|---|
| Stimulere til meir aktivitet i lokallaga | <input type="checkbox"/> Styret besøker alle lokallaga gjennom "Kaffidrøs" <input type="checkbox"/> Vidareformidle informasjon om relevante lokale og regionale arrangement på heimeside, e-post og facebook <input type="checkbox"/> Oppmode lokallaga om å søkje frifond <input type="checkbox"/> Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga "Aktivitetsstønad" <input type="checkbox"/> Tilby lokallaga kulturprogram gjennom prosjektet RU-kulturformidling <input type="checkbox"/> Oppmode til feiring av Frivillighetens år |
| Auke medlemstalet med minst 50 medlemmar | <input type="checkbox"/> Formidle tips og verktøy for rekruttering <input type="checkbox"/> Synleggjere fordelane ved å bli medlem i NU <input type="checkbox"/> Følgje opp alle lokallag i forhold til oppdatering av medlemsliste |
| Rekruttere minst eitt nytt lokallag | <input type="checkbox"/> Styret tek kontakt med aktuelle lag <input type="checkbox"/> Invitere lag som ikkje er medlem i NU til kurs |
| Opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid. | <input type="checkbox"/> Vidareføre samarbeidet med Lise K. Meling for å tilby undervisning i langeleik <input type="checkbox"/> Tilby reisestøtte til ungdom som vil delta på Sommarleir i NU <input type="checkbox"/> Vidareføre samarbeidsavtalen om Sommarteatarskule i Sandeid <input type="checkbox"/> Delta på Fagdagen i bunad og folkedrakt <input type="checkbox"/> Bunadnemnda arrangerer kurs i å sy kvinne- og mannsbunad, vår og haust <input type="checkbox"/> Arrangere teaterkurs <input type="checkbox"/> Arrangere kurs i husdrift <input type="checkbox"/> Bunadnemnda er med i Nettverket som skipar til bunadkafe på MUST Stavanger museum ein torsdag kvar månad. Nemnda stiller som rettleiarar på fleire av desse kveldane <input type="checkbox"/> Lage rettleiing til saum av blondestrimmel til bruk på lua til kvinnebunaden |
| Eit synlegare ungdomslag | <input type="checkbox"/> Gratulere jubileumslaga på facebook <input type="checkbox"/> Synleggjere Sommarteatarskulen på heimesida og facebook <input type="checkbox"/> Oppdatere årshjulet for lokallaga på nettsida <input type="checkbox"/> Feire Hulda Garborg sin 160 årsdag og "VÅR DAG" ved å arrangere samtalekveld om bunadbruk på Garborgsentret |

ÅRSMØTE I ROGALAND UNGDOMSLAG 2022

| | |
|--|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Arbeida for å få prosjektet "Huset i Bygda" til Rogaland fylke. <input type="checkbox"/> Bunadnemnda skal låna ut ein kvinnebunad frå Ryfylke si utstilling på MUST <input type="checkbox"/> Bunadnemnda planlegg å ha med fire hovudplagg på utstillinga til Norsk Folkedraktsforum som skal turnere rundt i landet i 2022-2023. Nemnda vil også delta på opninga av utstillinga som skjer i samband med årsmøte i Norsk Folkedraktforum på Stiklestad i mars. <input type="checkbox"/> Bunadnemnda vil ha utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger |
| <p>Eit smartare ungdomslag</p> | <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Tilby "førstehjelp" i hypersys på Teams <input type="checkbox"/> Bunadnemnda har gjennom åra frå 1980-talet opparbeidd ei betydeleg modellsamling; bunadplagg som er referanseplagg når nye bunader skal syast. Det er også laga fire bunaddokker med miniatyrbunader til bruk i formidling. Nemnda vil gjennomgå samlinga og verdsetta objekta. Me vil også rydda og ordna i mønster og anna arkivmateriale knytt til utarbeiding av bunadane. |
| <p>Nettverksbygging og samarbeid med andre</p> | <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Invitere sentralledet til eit arrangement i fylket <input type="checkbox"/> Delta på Landsmøte og landsrådsmøte i NU <input type="checkbox"/> Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO <input type="checkbox"/> Halde ved like kontakten og samarbeidet med Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder UL <input type="checkbox"/> Samarbeidsavtale med Sandeid UL om Sommerteaterskule <input type="checkbox"/> Samarbeid med Rogaland Mållag <input type="checkbox"/> Samarbeid med Folkemusikkarkivet og Ryfylkemuseet <input type="checkbox"/> Samarbeid med Nasjonalt Garborgsenter <input type="checkbox"/> Samarbeid med Huset i Bygda. |

Sak 10 Revidert budsjett for 2022

| | Rekneskap 2021 | Budsjett 2022 | Forslag til revidert budsjett 22 | Forslag budsjett 2023 |
|-----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------------------|-----------------------|
| Medlemskontingent | 33 006,00 kr | 25 000,00 kr | 24 500,00 kr | 20 000,00 kr |
| Offentleg tilskot | 66 394,00 kr | 67 000,00 kr | 59 546,00 kr | 60 000,00 kr |
| Andre inntekter | 90 097,00 kr | 8 000,00 kr | 150 250,00 kr | 140 000,00 kr |
| Sum inntekter | 189 497,00 kr | 100 000,00 kr | 234 296,00 kr | 220 000,00 kr |
| Lønn | - kr | 4 000,00 kr | 55 000,00 kr | 55 000,00 kr |
| Reise | 31 469,96 kr | 12 500,00 kr | 14 000,00 kr | 11 000,00 kr |
| Varer og tenester | 106 959,89 kr | 21 000,00 kr | 148 750,00 kr | 122 000,00 kr |
| Stønad | 66 000,00 kr | 73 000,00 kr | 35 000,00 kr | 35 000,00 kr |
| Finanskostnader | 1 471,50 kr | - kr | 500,00 kr | 500,00 kr |
| Sum utgifter | 205 901,35 kr | 110 500,00 kr | 254 250,00 kr | 224 500,00 kr |
| Driftsresultat | - 16 404,35 kr | - 10 500,00 kr | - 19 954,00 kr | - 4 500,00 kr |
| Finansinntekter | 1 819,46 kr | - kr | 1 500,00 kr | 1 500,00 kr |
| Årsresultat | - 14 584,89 kr | - 10 500,00 kr | - 18 454,00 kr | - 3 000,00 kr |

Forklaring til revidert budsjett 2022 og budsjett 2023

På inntektsida er det vanskeleg å seie kva vi får i driftsstøtte og momskompensasjon, men med auka kostnader vil også inntektssida følgje på året etter. Medlemstalet har det siste året gått ned med 100 medlemmer. Dette betyr mindre inntekt i 2023.

Vi held fram med å besøke lokallag gjennom tiltaket Kaffidrøs. Alle laga som deltar på kaffidrøs 2021/22 får aktivitetsstønad på kr 3000. I 2022 vil vi trykke opp roll up, samt kaffikoppar med RU-logo. Jubileumslaga blir feira med gaver og besøk.

Årsmøte og seminar er vanskeleg å få i balanse med så få deltakarar i 2022 og hotell som arena. Diverre har vi heller ikkje klart å få verken prosjektstøtte eller studiestøtte til dette tiltaket. I 2023 håpar vi på fleire deltakar, ungdomshus som arena og mykje ekstern støtte.

Turneverksemda blir sett i gong så snart ekstern støtte er på plass.

I 2022 og 2023 vil vi bruke kr 10 000 årleg frå “folkekulturmillionen” til å støtte tiltak for barn og unge.

I 2022 har vi sett av midlar til å sende 2 utsendingar på landsmøte i NU og 1 på landsråd. I 2023 sender vi berre ein rep. på kvart møte. Det er ikkje sett av pengar til styrehonorar, men til dekking av reise og møtemat.

Bunadsnemnda sitt budsjett er i forslag til revidert budsjett 2022 og budsjett 2023 integrert med sum inntekter (andre inntekter) og sum utgifter (varer og tenester). Før har ikkje tala til

ÅRSMØTE I ROGALAND UNGDOMSLAG 2022

bunadnemnda vore med anna i rekneskapen. Deltaljert budsjett (sjå under) danner grunnlaget for begge åra.

| Bunadnemnda | Budsjett 2022 | |
|-----------------------------------|---------------|--|
| Kursavgift | 26 000 | Fem av vårens deltakarar skal betala i 2022. Budsjettert med 8 deltakarar til hausten. |
| Tilskot frå Studieforbundet m.fl. | 7 500 | |
| Tilskot frå Rogaland Ungdomslag | 25 000 | Bunadnemnda vil "søka" tilskot frå RU for ein av dei to studieturane i 2022. |
| Provisjon frå Nordaker | 2 000 | |
| Sal av stripestoff | 10 500 | |
| Sal av stoff og småsal | 9 000 | |
| Sal av mønster | 500 | |
| For mykje innbetalt | | |
| Renter | | |
| SUM inntekter | 80 500 | |
| | | |
| Husleige | 6 000 | |
| Løn til kurslærare | 30 000 | |
| Seminar, reiser ol. | 40 000 | |
| Innkjøp av bunadstoff | 4 000 | Kursdeltakarane kjøper deler av materiala dei treng hjå nemnda, resten i hovudsak hjå Nordaker bunader. Denne våren er det fire nye som skal ha material, og til hausten truleg også nokre fleire. |
| Kontorhald | 500 | |
| Innkjøp samlinga | 0 | |
| SUM utgifter | 80 500 | |
| | | |
| Årsresultat | 0 | |

Sak 11 Budsjett 2023

Forslag til vedtak:

Sjå tal i saka over.

Sak 12 Årspengar for 2023

Forslag til vedtak: *Årsmøtet vedtar å føre vidare sats for medlems/årspengane uendra.*

Satsane til Rogaland Ungdomslag er: Medlem over 26 år: kr. 50,- og Medlem under 26 år: kr. 30,-

Sak 13 Innkomne framlegg

Vedtektene våre seier:

§ 4 Årsmøtet

2. saker

(...) Lokallag og nemnder kan kome med framlegg om saker til årsmøtet. Sakene med grunngjeving må vere melde skriftleg til styret i fylkeslaget seinast 6 veker før årsmøtet.

Ingen saker er kome innan fristen.

Sak 14 Val

Valnemnda sitt forslag til styre 2022:

| | | | |
|--------------|----------------------|----------------|--------------|
| Leiar: | Synnøve Jørgensen | BUL Stavanger | attval, 1 år |
| Styremedlem: | Solgunn Liestøl | Midtbygdens UL | ikkje på val |
| Styremedlem: | Ann Cathrine Høyland | BUL Stavanger | attal, 2 år |
| 1. vara | Håvard Ims | BUL Stavanger | attval, 1 år |
| 2. vara | Bjarte Holmedal | BUL Stavanger | attval, 1 år |

Valnemnda sitt forslag til ettersynsfolk/revisor:

| | | |
|-----------------|---------------|------|
| Magne Hope | BUL Stavanger | 1 år |
| Oddvin Emmerhof | BUL Stavanger | 1 år |

Forslag til valnemnd:

| | | | |
|------|---------------------------------------|----------------------------------|--|
| 2018 | <i>BUL Stavanger</i> | | |
| 2019 | <i>Midtbygdens Ungdomslag</i> | <i>Rossabø Folkedanslag</i> | |
| 2020 | <i>Haugesund Mållag og Ungdomslag</i> | <i>Klepp Folkedanslag</i> | |
| 2021 | <i>Sandeid Ungdomslag</i> | <i>Suldal Ungdomslag</i> | <i>Ølen Ungdomslag</i> |
| 2022 | <i>Nærbø Folkedanslag</i> | <i>Ungdomslaget Skjoldafjord</i> | <i>Krosshaug Ungdomslag</i> |
| 2023 | Vikedal Ungdomslag | Kvinnerland Frilynde Ungdomslag | BUL Stavanger |
| 2024 | Midtbygdens Ungdomslag | Klepp Leikarring | Ungdomslaget Heim Rossabø Folkedanslag |
| 2025 | Haugesund Mållag og Ungdomslag | Sandeid Ungdomslag | Suldal Ungdomslag |
| 2026 | Ungdomslaget Skjoldafjord | Nærbø Folkedanslag | Krosshaug Ungdomslag |

Forslag til utsendingar, Noregs Ungdomslag sitt Landsmøte 2022:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje utsendingar til Landsmøtet 23.-24. april 2022.